



Rogalandsbenken
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Støtteuttale vedr. krav om rassikring på Rv 13 Lovraeidet - Rødsliane i Suldal

Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap for Rv 13 Stavanger - Sogndal.

Selskapet har som føremål m.a. å arbeida for utbygging av riksveg 13 slik at denne blir ein trygg og rassikker veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga. Selskapet har "liv og helse" som viktigaste prioritering for tiltak langs vegen.

Rashendingane den siste tida på strekninga Rødsliane - Lovradalen viser tydeleg behovet for sikringstiltak og ein 4 km lang tunnel her vil kunne gje dei vegfarande den tryggleik som krevst. Reguleringsplan arbeid for strekninga Lovraeidet - Lovradalen må igangsetjast snarast.

Fjordvegen Rute 13 gjev sine fulle støtte til dei krav som folkeaksjonen *Trygg Rv 13 gjennom Suldal* stiller vedr. rassikker veg på denne strekninga.

Midlar til slik rassikring må stillast til rådvelde gjennom ekstraløyvingar og ikkje ved kutt i løyvingar til andre viktige rassikringsprosjekt langs Rv 13. Rv 13 har 34 definerte skredpunkt med høg eller middels skredfaktor. Desse punkta har alle i seg ein risiko for vegfarande og dei bør også sikrast så raskt som råd.

Kinsarvik, 19. november 2021

Med helsing
Fjordvegen Rute 13

Gerd Helen Bø
Styreleiar
Fjordvegen Rute 13 signerer digitalt

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar